



Innkalling av Utval for helse og omsorg

Møtedato: 08.11.2022
Møtestad: Helsehuset, møterom Nordhordland
Møtetid: 12:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
041/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
042/22	Godkjenning av møteprotokoll 04.10.2022
043/22	Evaluering prøveordning - Kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne
044/22	Kommunal retningslinje for velferds- og arbeidsrelatert aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune
045/22	Samlokalisering av avlastingstiltak i Alver kommune
046/22	Meldingar til utval for helse og omsorg 08.11.2022

31. oktober 2022

Ståle Juvik Hauge
møteleiar

Arthur Kleiveland
møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 31.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
041/22	Utval for helse og omsorg	08.11.2022

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 31.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
042/22	Utval for helse og omsorg	08.11.2022

Godkjenning av møteprotokoll 04.10.2022

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

31.10.2022 Protokoll - Utval for helse og omsorg - 04.10.2022 1826318



Møteprotokoll for Utval for helse og omsorg

Møtedato: 04.10.2022
Møtestad: Helsehuset, møterom Nordhordland
Møtetid: 09:30 - 13:10

Synfaring på Ostertunet - Ostereidet.
Frammøte v/Nordhordlandshallen kl. 09.30.
Møtestart i Helsehuset - møterom Nordhordland kl. 12.00.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Ståle Juvik Hauge	AP	Utvalsleiar
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Roy Bø	UAVH	Medlem
Thore Helland	SP	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
May-Irene Wergeland	SP	Nestleiar
Alexander Helle	R	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	May-Irene Wergeland- SP

Følgjande frå administrasjonen møtte: Leni Dale-kommunalsjef, Eirik B. Utne-tenesteleiar kultur, Helge Kvam-Fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg, Arthur Kleiveland-møtesekretær

Det møtte 7 av 8 medlemmar i utvalet.

Sakliste

Saknr	Titel
035/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
036/22	Godkjenning av møteprotokoll 06.09.2022
037/22	Politisk møteplan 2023
038/22	Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2022-2034 - høyring og offentlig ettersyn
039/22	Meldingar til utval for helse og omsorg
040/22	Høyringsuttale - regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 Vestland

035/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for helse og omsorg 04.10.2022:

Behandling:

Utvalsleiaren gjorde framlegg om at handsaming av sak 040/22 vart løfta fram til etter sak 036/22.

Utvalet godkjende innkalling og saksliste med ovannemnde endring.

HO- 035/22 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

036/22: Godkjenning av møteprotokoll 06.09.2022

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for helse og omsorg 04.10.2022:

Behandling:

Utvalet godkjende protokoll for møte 06.09.2022.

HO- 036/22 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

037/22: Politisk møteplan 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar politisk møteplan for 2023 slik den er lagt fram i saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:

Behandling:

Ingen merknader, samrøystes.

OKK- 059/22 Vedtak:

Uttale i OKK - 04.10.2022:

Ingen merknader.

Utval for helse og omsorg 04.10.2022:

Behandling:

Utvalet slutta seg samrøystes til Politisk møteplan 2023.

HO- 037/22 Vedtak:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande uttale:
Utvalet sluttar seg til Politisk møteplan 2023.

038/22: Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2022-2034 - høyring og offentleg ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-14 vedtar Alver kommune å sende forslag til kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2022-2034 ut på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsperiode er sett til seks veker.

Utval for helse og omsorg 04.10.2022:

Behandling:

Helge Kvam-Fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg orienterte om arbeidet med kommunedelplanen.

Det vart sett fram følgjande felles tilleggsframlegg:

Utval for helse og omsorg ønsker å ha same lengde på høyringsperioden for kommunedelplan for helse, sosial og omsorg som for kommunedelplanen for Oppvekst. Administrasjonen får fullmakt til å endre høyringsperioden for å oppnå dette.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med unntak av høyringsperiode, og med felles tilleggsframlegg sett fram i møtet.

HO- 038/22 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-14 vedtar Alver kommune å sende forslag til kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2022-2034 ut på høyring og offentleg ettersyn.

Utval for helse og omsorg ønsker å ha same lengde på høyringsperioden for kommunedelplan for helse, sosial og omsorg som for kommunedelplanen for Oppvekst. Administrasjonen får fullmakt til å endre høyringsperioden for å oppnå dette.

039/22: Meldingar til utval for helse og omsorg

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Utval for helse og omsorg 04.10.2022:

Behandling:

Utvalet var på synfaring på Ostertunet på Ostereidet.

HO- 039/22 Vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

040/22: Høyringsuttale - regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 Vestland

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner høyringsuttale som den ligg i saka, til regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 Vestland – Kultur bygger samfunn.

Eldreråd 03.10.2022:

Behandling:

Eirik B. Utne-tenesteleiar kultur orienterte i saka. Han opplyste at rett tittel på saka skal vera "Høyringsuttale - regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 Vestland - Kultur bygger samfunn.

Leiar i eldrerådet, Olav M. Steinsland, sette fram følgjande fellesframlegg til uttale:

Eldrerådet sluttar seg til Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035, med kommentarane frå Alver kommune.

Eldrerådet viser også til at Vestland fylkeskommune har ein frivillig-strategi som må følgjast opp i arbeidet med Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. Eldrerådet ønskjer større fokus på den frivillige innsatsen i planen.

Eldrerådet vedtok samrøystes Olav M. Steinsland sitt felles framlegg til uttale.

ER- 041/22 Vedtak:

Eldrerådet i Alver kjem med følgjande uttale:

Eldrerådet sluttar seg til Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035, med kommentarane frå Alver kommune.

Eldrerådet viser også til at Vestland fylkeskommune har ein frivillig-strategi som må følgjast opp i arbeidet med Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. Eldrerådet ønskjer større fokus på den frivillige innsatsen i planen.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.10.2022:

Behandling:

Tittelen i saka skal vera: "Høyringsuttale - regional plan for kultur, idrett og frivilligheit".

Fellesframlegg:

I uttalen sin til pkt.5 legg kommunen vekt på integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn. RMNF vil poengtera at det òg trengst tilrettelegging for at menneske med nedsett funksjonsevne kan delta på, og vera utøvarar i kulturaktivitetar. Følgjebevis er eit døme på at ein legg til rette for deltaking på tilbod som høver, både i og utanfor kommunen ein bur i. Denne ordninga bør vidareutviklast, slik at arrangement som får offentleg støtte i heile Vestland godtek følgjebevis.

I pkt.4.1 kan det poengterast tydelegare at kulturarenaer må utviklast slik at dei vert gode møtestader for alle, inkludert menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet tenkjer her t.d. på samfunnshus og bedehus rundt om i bygdene.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 045/22 Vedtak:

Uttale frå RMNF - 03.10.2022:

I uttalen sin til pkt.5 legg kommunen vekt på integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn. RMNF vil poengtera at det òg trengst tilrettelegging for at menneske med nedsett funksjonsevne kan delta på, og vera utøvarar i kulturaktivitetar. Følgjebevis er eit døme på at ein legg til rette for deltaking på tilbod som høver, både i og utanfor kommunen ein bur i. Denne ordninga bør vidareutviklast, slik at arrangement som får offentleg støtte i heile Vestland godtek følgjebevis.

I pkt.4.1 kan det poengterast tydelegare at kulturarenaer må utviklast slik at dei vert gode møtestader for alle, inkludert menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet tenkjer her t.d. på samfunnshus og bedehus rundt om i bygdene.

Ungdomsråd 03.10.2022:

Behandling:

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen

UR- 034/22 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 061/22 Vedtak:

Innstilling i OKK - 04.10.2022

Alver kommunestyre godkjenner høyringsuttale som den ligg i saka, til regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 Vestland – Kultur bygger samfunn.

Utval for helse og omsorg 04.10.2022:

Behandling:

Eirik B. Utne-tenesteleiar kultur orienterte i saka.

Det vart sett fram følgjande fellesframlegg til uttale:

Utval for helse og omsorg støttar uttalane frå RMNF og Eldrerådet i sak 040/22 Høyringsuttale - Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 Vestland.

Framlegg til uttale vart samrøystes vedteke.

HO- 040/22 Vedtak:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande uttale:

Utval for helse og omsorg støttar uttalane frå RMNF og Eldrerådet i sak 040/22 Høyringsuttale - Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 Vestland.

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-G00
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 19.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
045/22	Eldreråd	07.11.2022
050/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	07.11.2022
038/22	Ungdomsråd	07.11.2022
043/22	Utval for helse og omsorg	08.11.2022
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

Evaluering prøveordning - Kommunalt følge på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner å forlenge prøveordning kommunal følge på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne ut 2023.

Ubrukte fondsmidlar til føremålet vert overført frå 2022 til 2023. Om tilgjengelege fondsmidlar i 2023 ikkje er tilstrekkeleg jamfør søknadstal vert det fremja eiga sak.

Det vert utforma evalueringsrapport innan desember 2023.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg og formannskap.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Alver kommunestyre sak 142/20 dato 26.11.20 godkjente prøveordning med retningslinje for kommunalt følge på ferie og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne for perioden 2021-2022.

Alver kommunestyre sak 031/21 dato 25.03.21 godkjente fondsvedtekter for prøveordninga – Fond for kommunalt følge på ferie og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne for perioden 2021-2022.

Det skal utformast evalueringsrapport innan desember 2022.

Saksopplysningar

Alver kommune etablerte prøveordninga for 2021-2022 med ønskje om å legge til rette for at personar med nedsett funksjonsevne (fysisk og/eller psykisk) skal få eit tilbod om å gjennomføre ferie- og fritidsreise med bistand frå kommunalt personell. Ordninga er uavhengig alder og diagnose for den einkilde i målgruppa.

Vidare ville ein sikre at ferie- og fritidsreise vert planlagt og gjennomført forsvarleg, samt at arbeidsvilkår for tilsette er i tråd med gjeldande lov- og avtaleverk.

Det er per tid ikkje lovgrunnlag som pliktar kommunen å etablere eit slikt tenestetilbod, og det er heller ikkje økonomiske vilkår som støttar opp om dekking av kommunal meirkostnad.

Relatert til kommunal meirkostnad vart det etablert prøveordning med kommunalt fond til dekking av inntil 50% av meirkostnad (løn, døgn tillegg og diett). Reise og opphald for kommunalt personell vert å dekke av aktuell

brukar/deltakar.

Kommuneplan

[Alver kommune - kommuneplan samfunnsdel 2022-2034](#) legg føringar for korleis vi vil utvikle samfunnet vårt, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å kome dit. Kommunedelplan helse, sosial og omsorg skal bidra til måloppnåinga.

Utval for helse og omsorg sak 038/22 dato 04.10.22 har vedtatt å sende [Alver kommune - høyring kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2022-2034](#) på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfrist er 01.12.22

I kommuneplan samfunnsdel kan ein til dømes vise til hovudmål 4: «Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse» med tilhøyrande mål og vegval. Fleire av desse gjev grunnlag for utvikling av tiltak med fokus på til dømes meistring, deltaking og sjølvstendige liv i heile livsløpet. Dette er fulgt opp i framlegg til kommunedelplan helse, sosial og omsorg med omsyn til å vidareføre dette tenestetilbodet.

Evalueringsgrunnlag

I prøveperioden har tilbod om [kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise](#) vore digitalt informert og tilgjengeleg på kommunal heimeside og facebook. I tillegg har alle aktuelle tenesteområde og avdelingar informert målgrupper direkte.

Datagrunnlag er per tid følgjande:

År	Søknad - gjennomført tur	Søknad - ikkje gjennomført tur	Vurderte å søkje	Merknad
2021	3	0	0	Dei som vurderte å søkje eller ikkje gjennomført tur oppgav ulike grunnar både relatert til økonomi og andre årsakar.
2022	19	4	3	

Variasjon aldersfordeling: 19–65 år
Variasjon reisedøgn: 1–7 døgn
Bruk av fondsmidlar 2021: kr. 4.655,-
Bruk av fondsmidlar per oktober 2022: kr. 88.875,-

Unytta fondsmidlar per oktober 2022: Kr. 106.470,-

Alle som gjennomførte tur i 2021 og 2022 fekk tenester frå tenesteområde Habilitering. Det er per oktober 2022 ingen søkjarar relatert til tenesteområde psykisk helse og rus eller andre tenesteområde i helse og omsorg.

Administrasjon vurderer at evalueringsgrunnlag er svakt då tal søkjarar er lågt jamfør målgruppe. Lågt søkjartal kan til dømes relaterast til:

- pandemisituasjon i perioden
- at målgruppa opplever manglande eller ikkje tilstrekkeleg informasjon, eller at ein ikkje forstår ordninga
- at personleg økonomi har gjort at ein ikkje har søkt på ordninga
- at ein har nytta andre ordningar som til dømes Ramberg legat og/eller nytta eige nettverk for å få gjennomført ønska tur.

Dei som har gjennomført tur gjev positive tilbakemeldingar både med omsyn til planleggings- og gjennomføringsfase. Det er ikkje gjennomført eiga undersøking i prøveperioden med omsyn til kvifor personar i målgruppa ikkje har nytta tilbodet.

Alternativ tilskotsordning

Når det gjeld tilgong på alternative tilskotsordningar kan ein vise til at kommunen administrerer ei anna ordning på vegne av styret i [Ramberg legat: «Økonomisk støtte til avlasting og følgje på feriereise»](#). Årleg ramme for tildeling er her kr. 150.000,-

Søkjjarar til Ramberg legat var 26 personar i 2021 og 54 personar i 2022. Grunna auke i tal søkjarar i 2022 vedtok styret i legatet å auke økonomiske ramme for tildeling. Legatet gav kr. 324.000,- til føremålet i 2022. Ein avventer tilbakemelding frå styret for om ordninga held fram i 2023.

Vurdering:

Kommunedirektør vurderer at evalueringsgrunnlag er svakt med omsyn til å tilrå fast etablering av gjeldande retningslinje og/eller å tilrå justeringar.

Kommunedirektør vurderer at gjeldande vilkår i retningslinje og fondsvedtekter bør forlengast ut 2023. Vidare vert ubrukte fondsmidler frå 2022 å overføre til 2023. Om tilgjengelege fondsmidler i 2023 ikkje er tilstrekkeleg jamfør søknadstal vert det fremja eiga sak.

I utvida prøveperiode vil ein arbeide aktivt med å kvalitetssikre tilgjengeleg informasjon om tilbodet samt at ordninga vert forstått i målgruppa. Vidare vil ein både kvalitetssikre evaluering frå dei som gjennomfører tur samt etablere undersøking for å få tilbakemelding frå målgruppa på kvifor ordninga eventuelt ikkje er aktuell å nytte.

Ny evalueringsrapport vert utforma innan desember 2023.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyre forlenger prøveordning kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne ut 2023.

Ubrukte fondsmidler vert å overføre frå 2022 til 2023. Om tilgjengelege fondsmidler i 2023 ikkje er tilstrekkeleg jamfør søknadstal vert det fremja eiga sak.

Det vert utforma evelueringsrapport innan desember 2023

Vedlegg i saken:

31.10.2022	Alver kommune - Retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise	1824270
31.10.2022	Alver kommune - Fondsvedtekter for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreiser	1824274



ALVER
KOMMUNE

Retningslinje

**Kommunalt følge på ferie- og
fritidsreise for personar med
nedsett funksjonsevne**





Retningslinje for kommunalt følgje på ferier- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne

Heimel: Vedtatt av Alver kommunestyre 26.11.20 sak 142/20 og 25.03.2021 sak 031/21

1) Føremål

Alver kommune ønskjer:

- å legge til rette for at personar i målgruppa kan gjennomføre ferie- og fritidsreise saman med kommunalt personell, slik at ein i størst mogleg grad vert ivaretatt med omsyn til m.a. menneskeverd, autonomi, normalisering og livskvalitet
- å sikre at reise vert planlagt og gjennomført forsvarleg
- å sikre at vilkår for kommunal tenesteyting vert ytt i tråd med gjeldande lov- og avtaleverk
- å sikre at det ikkje oppstår kommunal meirkostnad for Alver kommune ved gjennomføring av ordninga
- å sikre at brukarar i målgruppen får fremma søknad om støtte frå kommunalt fond for Ferie- og fritidsreise, og at denne vert handsama jfr.vedtekter.
- å sikre evaluering av prøveperiode 2021 og 2022

2) Målgruppe

Målgruppe for ordninga er personar med nedsett funksjonsevne (fysisk og/eller psykisk), og som har trong for kommunal ledsager for gjennomføring av ferie- og fritidsreise.

Ordninga er ikkje knytta til diagnose eller alder.

3) Definisjon og avgrensing

Ferie- og fritidsreise er ein aktivitet, opplevelse eller reise med overnatting, der hensikten er å få eit avbrekk frå dagliglivet gjeremål og andre fritidsaktivitetar.

Andre reiser med overnatting som er knytta til dåp, bryllup, gravferd og sjukdom i nær familie vil Alver kommune søkje å legge til rette for uavhengig kriterie i denne retningslinja.

4) Rammer

Ein må nytte godkjent søknadsskjema, og ein kan søkje om tur individuelt eller i gruppe. Ein må dokumentere trong for bistand frå kommunalt personell for gjennomføring av tur.

Ramme for kvar tur er inntil 6 døgn. Ein kan imidlertid søkje å finne fleksible løysingar for tur med lengre tidsramme forutsatt at m.a. arbeidstidsbestemmelser vert ivaretatt.

Ein har ikkje dato for søknadsfrist. Avvikling av ferie- og fritidsreise kan søkast gjennomført ila heile året. Ein må imidlertid pårekne inntil 3 månader til handsaming/planlegging av tur frå søknad til gjennomføring. For kortare turar med mindre krav til planlegging kan ein ha noko kortare tidsrom mellom søknad og gjennomføring. Dette vert vurdert i kvart einskild høve.



Om tal søkjarar som ønskjer tur i same tidsperiode er stort, og dette har konsekvens for anna drift og/eller tilgjengeleg personell, kan Alver kommune utføre prioritering av søkjarane for aktuell tidsperiode. Ein vil i samråd med søkjar arbeide for å finne alternative reiseperiodar.

5) Arbeidsmiljølov og arbeidstid

Alver kommune skal følgje krav om arbeidstidsordning jamfør [Arbeidsmiljølova kap. 10](#). Vidare legg ein til grunn gjeldande særavtale heimla i [Hovedavtalen del A §4-3](#)

Alver kommune nyttar [Sentral generell særavtale SGS 1010 Følge av pasient/klient/bruker/elev](#).

Det er ein føresetnad at deltaking av kommunalt personell er ei frivillig ordning. Kommunalt tilsette som tar del på tur skal ha godkjent turnus 4 veker før gjennomføring.

6) Medverknad og informasjon

Alver kommune legg til rette for aktiv medverknad frå den einskilde i planlegging av tur i samråd med kommunen. Alver kommune skal sikre tilgjengeleg informasjon om ordninga.

7) Administrering av ordninga

Alver kommune dekker kostnad relatert til administrering av ordninga. Dette omfattar m.a.:

- Informasjon om ordninga
- Mottak og sakshandsaming av søknad
- Beregning trong for personell og utarbeiding av turnus
- Utarbeiding av kommunal meirkostnad utfrå sjølvkost
- Handsame søknad om tilskot kommunalt fond
- Medverke til planlegging av tur samt evaluering

8) Økonomi

Alver kommune skal ikkje ha meirkostnad ved gjennomføring av ordninga i prøveperioden. Alle kommunale meirkostnader (lønn, døgntillegg, diett, reise, opphald samt kansellering) vert betalt av brukar jamfør sjølvkostprinsipp.

Brukar skal vere gjort kjent med og ha godkjent sum kommunal meirkostnad før gjennomføring av reise. Det same gjeld om fleire vel å reise som gruppe. Ved gruppereise vert kommunal meirkostnad fordelt på deltakarar. Fordeling må avklarast på førehand.

Faktura for kommunal meirkostnad (lønn, diett og døgntillegg) vert sendt etter gjennomført tur. Brukar må betale kostnad relatert til reise/opphald for kommunalt tilsett.

9) Kommunalt fond ferie- og fritidsreise

Viser til gjeldande vedtekter kommunalt fond ferie- og fritidsreise.



10) Iverksetjing og oppheving

Ordninga vert iverksatt jamfør Alver kommunestyre vedtak 26.11.20 sak 142/20 dato samt vedtak 25.03.21 sak 031/21.

Ordninga har ein prøveperiode i 2021 og 2022, og det skal utformast evalueringsrapport innan desember 2022. Det er kommunestyret som har mynde til å oppheve ordninga.

Vedlegg:

Søknad om kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise



ALVER
KOMMUNE

Fondsvedtekter

**Fond for kommunalt
følge på ferie- og fritidsreise for
personar med
nedsett funksjonsevne**

Vedtatt i Alver kommunestyre 25.03.21





Fondsvedtekter

- Fond for kommunalt følge på ferie- og fritidsreiser for personar med nedsett funksjonsevne

Heimel: Vedtak Alver kommunestyret 25.03.21 sak 031/21

1. FØREMÅL

Fond ferie- og fritidsreise er knytta til «Retningslinje for kommunalt følgje på ferier- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne».

Kommunale fondsmidlar er eit tilbod om tilskot til personar som gjennomfører tur jamfør retningslinja.

2. MÅLSETTING

Fondet skal bidra med økonomisk støtte til den einskilde ved gjennomføring av ferie- og fritidsreise.

3. KVEN KAN SØKJE

Fondet er eit tilbod til innbyggjarar i Alver kommune.

Det er eit krav at søker har nedsett funksjonsevne (fysisk og/eller psykisk) samt trong for kommunal ledsager for gjennomføring av ferie- og fritidsreise jamfør gjeldande retningslinje. Ordninga er ikkje knytta til diagnose eller alder. Krav til dokumentasjon følgjer av søknadsskjema.

4. KORLEIS SØKE

Ein skal nytte kommunalt søknadsskjema:

«Alver kommune - Søknad om kommunalt følgje på ferier- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne»

5. FOND

Årleg sum fondsmidlar vert vedtatt av kommunestyre jamfør budsjetthandsaming. Kommunestyret står fritt til å gjere endringar knytta til fondsmidlane.

Om vedtatt årleg sum fondsmidlar ikkje strekk til jamfør søknadstal kan kommunestyret vurdere å auka ramme for inneverande år.

Ubrukte fondsmidlar kan overførast til påfølgande år.

6. SØKNADSRIST OG TILDELING

Det er ikkje søknadsfrist for ordninga jamfør retningslinje.

Kommunestyret har delegert mynde for tildeling av fondsmidlar til rådmann. Rådmann avgjer søknadene som kjem til kommunen.



7. VILKÅR

7.1. Tilskotstak per tur vert sett til inntil 50% av ekstrakostnadene innbyggjarane får med utgifter til følgepersonar (dette gjeld ekstra lønsutgifter, døgntillegg og diett)

7.2. Kommunen skal nytte skjønn ved tildelinga av fondsmidlar. Ein skal prioritere brukarar som har størst hjelpebehov og størst vanskar med å komme på tur utan tilskot. Deretter skal personar som ikkje har vore på fritidsreiser nyleg med støtte frå fondet, prioriterast, for å oppnå ei rullering av kven som får tildelingar, dersom fondet ikkje er stort nok til samtlege søkjarar kvart år.

7.3 Fastsett tilskotssum kan verte endra relatert til årleg budsjetthandsaming, evaluering av prøveperiode 2021 – 2022 samt erfaring med søkjartal.

7.4 Tilskot skal nyttat jamfør føremål for ordninga og søknad. Tilskot vert utbetalt til søkjar etter gjennomført tur. Vert faktisk gjennomføring av tur korrigert jamfør opprinneleg søknad kan kommunen justere tilskot tilsvarande.

8. KONTROLL

8.1 Mottakar av tilskot har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast. Det er krav om at alle utgifter må kunne dokumenterast.

8.2 Kommunen sin revisor kan kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i fondet.

9. KLAGE

Det er ikkje klagerett på ordninga i prøveperioden 2021 – 2022.

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-F06
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 19.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
051/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	07.11.2022
044/22	Utval for helse og omsorg	08.11.2022
	Alver kommunestyre	

Kommunal retningslinje for velferds- og arbeidsrelatert aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner kommunal retningslinje for velferds- og arbeidsrelaterte aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune jamfør vedlegg.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Viser til kommunestyre sak 054/21 dato 06.05.21 Tiltak for meir kostnadseffektiv drift i helse og omsorg – oppfølging av PwC rapport. I vedtak står det at «...vert det starta opp dialog med vekstbedrifter om mogleg utviding av tilbodet»

Prosjekt leiing, kvalitetsforbedring og ressurseffektiv drift 2021-2024 arbeider med ulike forbedringsprosessar og tiltak. Det har vore etablert administrativ arbeidsgruppe relatert til dialog med vekstbedrifter i kommunen for vurdering av rammer for tiltaksutvikling. Det har parallelt blitt gjeve prosessorientering om prosjektarbeidet til råd samt utval helse og omsorg undervegs.

Saksopplysningar

[Alver kommune - kommuneplan samfunnsdel 2022-2034](#) legg føringar for korleis vi vil utvikle samfunnet vårt, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å kome dit. Kommunedelplan helse, sosial og omsorg skal bidra til måloppnåinga.

Utval for helse og omsorg sak 038/22 dato 04.10.22 har vedtatt å sende [Alver kommune - høyring kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2022-2034](#) på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfrist er 01.12.22

I kommuneplan samfunnsdel kan ein til dømes vise til hovudmål 4: «Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse» med tilhøyrande mål og vegval. Fleire av desse gjev grunnlag for vidareutvikling av tiltak med fokus på mellom anna tidleg innsats, helsefremming og førebyggjande arbeid. Dette er og fulgt opp i kommunedelplan helse, sosial og omsorg, som til dømes i kapittel 6.4 med forslag om å vidareutvikle samarbeid med lokale vekstbedrifter.

Dialogmøter med vekstbedriftene

Med grunnlag i nemnde kommunestyrevedtak har administrasjon arbeida saman med vekstbedriftene [Auffera AS](#), [Gløde AS](#) og [KIM AS](#) med omsyn til tema. Ein har gjennomført dialogmøter, det siste 11.10.22. Dilaogmøtene har vore prega av diskusjon, erfarings- og kunnskapsdeling samt forbedringsområde relatert til tema. Vekstbedriftene har parallelt vore representert i referansegruppe for arbeid med kommunedelplan helse, sosial og omsorg.

Dei 3 tidlegare kommunane har praktisert tilbod om velferds- og arbeidsrelatert aktivitetstilbod jamfør Helse og omsorgstenestelov noko ulikt. Når no Alver kommune er etablert er det mellom anna ei målsetting om:

- Å få ei kommunal retningslinje for handsaming av søknader med ønske om plass hjå lokal vekstbedrift. Intensjon er mellom anna å ha lik praksis ovanfor vekstbedriftene i kommunen.
- At kommunen og vekstbedrift har føreseielege rammer, vilkår og rutiner for samhandling om velferds- og arbeidsrelaterte aktivitetstilbod til målgruppa
- At kommunen får eit godt og breitt tilbod til målgruppa samt at vekstbedrift sin eigenart vert ivarettatt i deira utforming av tilbod.
- Å legge til rette for gode overgangar mellom ulike tiltaksformer, og at rett type tiltak vert nytta til rett tid utifrå den einkilde søkjar sin livssituasjon. Dette vil mellom anna gje smidigare forløp, betre omløp og nytte av kapasitet samt synleggjere endringar i teneste- og tiltaksbehov.
- Å sikrer brukarmedverknad både i søknadsprosess og oppfølging i tiltak.

Diskusjonar i dialogmøta samt målsettingane over er grunnlag for utforming av kommunal retningslinje. Vekstbedriftene har vore aktive i utarbeidinga, og gjev uttrykk for at dei i all hovudsak er nøgd med framlegget.

Lovgrunnlag og avgrensing

Lovgrunnlag er [Helse og omsorgstenestelova](#) § 3-3: «Helse- og omsorgstjenesten skal arbeide for at det blir satt i verk velferds- og aktivitetstiltak for barn, eldre og funksjonshemmede og andre som har behov for det.»

Lovgrunnlag er ikkje ein individuell rettighet, men pålegg kommunen å tilby tiltak til målgruppa. Her finn ein tilbod om plass ved dag-, arbeids- og aktivitetssenter som vert ytt i kommunal eigenregi. I tillegg nytter kommunen samhandling med lokale vekstbedrifter for tilrettelagde tilbod til målgruppa der dette er føremålstenleg.

Målgruppa for framlegg til kommunal retningslinje er personar som treng midlertidig eller varig velferds- og arbeidsrelatert aktivitetstilbod ved lokale vekstbedrifter.

Vedtaksmynde ligg hjå Forvaltningskontoret sektor Helse og omsorg.

Saksgrunnlag er her avgrensa til dei plassane som etter Helse- og omsorgstenestelova er fullfinansiert av kommunen, og som vert utført og tilrettelagt hjå vekstbedrift lokalisert i kommunen.

Avgrensinga betyr at saka ikkje omhandler tiltak i kommunal eigenregi. Dette er mellom anna grunngjeve med at det pågår forbedringsarbeid knytta til deltaking i KS sitt Læringsnettverk for tenester til menneske med utviklingshemming. Tema knytta til tiltak i kommunal eigenregi vert å kome attende til jfr progresjon i læringsnettverket. Saka omhandler heller ikkje tiltak etter [Forskrift om arbeidsmarkedstiltak \(tiltaksforskrifta\)](#) kapittel 14. Her finn ein tilbod om varig tilrettelagt arbeid i skjerma verksemd (VTA) der NAV stat tildeler og finansierer tiltaksplassar i vekstbedrift som tiltaksarrangør. Her er det i tillegg krav om minimum 25 % kommunale eigenandel per plass.

Økonomi

Ved etablering av kommunal retningslinje vert aktuelle teneste- og ressursbehov å finansiere innan til ei kvar tid gjeldande budsjetttramme. Eventuell endring/auke i behov vert å handsame på lik linje med andre type endringar i teneste- og ressursbehov, og handsamast jamført budsjett- og økonomiplanprosess.

Kommunal retningslinje gjeld nye søkjarar frå vedtaksdato i kommunestyre. Personar som fram til vedtak i kommunestyre allereie har etablert plass hjå vekstbedrift vert ikkje berørt. Desse personane får vidareført sine noverande plassar og vilkår.

Gjeldande budsjettramme 2022 for finansiering av plass hjå vekstbedrift er brutto kr. 6.934.000,- og omfatter pt 24 personar. Eventuell refusjon ressurskrevjande tenester vert årleg berekna.

Den kommunale retningslinja legg til grunn ei lik grunnfinansiering av plass hjå vekstbedrift. Individuelle ressursbehov ut over grunnfinansiering vert drøfta mellom forvaltningskontor, utøvande teneste og aktuell vekstbedrift i kvar einskild sak.

Vurdering:

Både vedtatt kommuneplan samfunnsdel og framlegg til kommunedelplan helse, sosial og omsorg, som er på høyring, peiker på at Alver kommune har målsetting om ein brei tiltaksmeny til målgruppa for denne type tilbod.

I arbeid med å utarbeide kommunal retningslinje har adminstrasjon nytta dialogmøter med vekstbedriftene. Vi har vore opptatt av å samhandle med vekstbedriftene for å få etablert føreseielege rammer, vilkår og rutiner for tilbod jamfør [Helse og omsorgstenestelova §3-3](#). Samstundes har vi vore opptatt av at vekstbedriftene sin eigenart skal ivaretakast.

Den kommunale retningslinja vil vere del av kommunen sitt kvalitetssystem, og vere til jevnleg vurdering for revisjon. Arbeid med revidering vil mellom anna ta utgangspunkt i samarbeids- og evalueringsmøter med vekstbedriftene i kommunen.

Ved etablering av kommunal retningslinje vert teneste- og ressursbehov finansierte innan til ei kvar tid gjeldande budsjettramme. Eventuell behovsendring i økonomiske rammer skal følgje ordinær prosess jamfør budsjett og økonomiplan.

Kommunedirektør vurderer at den kommunale retningslinja gjev både kommune og vekstbedrift føreseielege rammer, vilkår og rutiner for samhandling om velferds- og arbeidsrelaterte aktivitetstilbod til målgruppa.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektør rår til at kommunestyre godkjenner etablering av kommunal retningslinje for velferds- og arbeidsrelaterte aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune jamfør vedlegg.

Vedlegg i saken:

31.10.2022 Kommunal retningslinje for velferds- og arbeidsrelaterte 1823400
aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune



ALVER
KOMMUNE

Kommunal retningslinje

Velferds- og arbeidsrelaterte aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune

Godkjent i Alver kommunestyre sak...dato...

Innhold

1. FØREMÅL.....	2
2. MÅLGRUPPE	2
3. LOVGRUNNLAG OG VEDTAKSMYNDEN	2
4. FAGLEG INNHALD	2
5. ORGANISERING OG GJENNOMFØRING.....	3
5.1 Fråvær	3
6. KOMPETANSE	3
7. PLANAR, RAPPORTERING OG MØTESTRUKTUR.....	3
7.1 Plan og rapportering til kommunen.....	3
7.2 Samarbeidsmøte - individnivå.....	3
7.3 Samarbeidsmøte – systemnivå	4
8. Økonomi	4
9. Iverksetting og opphør	5
9.1 Iverksetting.....	5
9.2 Opphør.....	5
10. Kvalitetssystem.....	5

1. FØREMÅL

Alver kommune kan nytte kommunalt tilrettelagt velferds- og arbeidsrelatert aktivitetstilbod hjå vekstbedrift lokalisert i Alver kommune.

Kjøp av plassar hjå vekstbedrift vert fullfinansiert av kommunen.

Vekstbedrifter i Alver kommune per 2022:

- [Aufera AS](#)
- [Gløde AS](#)
- [KIM AS](#)

2. MÅLGRUPPE

Målgruppa er personar busett i Alver kommune som treng varig eller midlertidig velferds- og arbeidsrelatert aktivitetstilbod.

3. LOVGRUNNLAG OG VEDTAKSMYNDE

Lovgrunnlag for tildeling av velferds- og arbeidsrelaterte aktivitetstilbod vert heimla etter Helse- og omsorgstenestelova § 3 -3: «Helse- og omsorgstjenesten skal arbeide for at det blir satt i verk velferds- og aktivitetstiltak for barn, eldre og funksjonshemmede og andre som har behov for det»

Vedtaksmynde ligg hjå Forvaltningskontoret i kommunen.

Ved vurdering av å tilby plass vil val av vekstbedrift skje i dialog med søkjar, vekstbedrift og utøvande teneste i Helse- og omsorg.

Vekstbedrift vil kunne tilby plass innanfor dei rammer vekstbedrift til ei kvar tid har tilgjengeleg og tilbyr.

Vekstbedrift kan avslå førespurnad om plass, til dømes dersom det ikkje er kapasitet, eller ein ikkje kan leggje til rette for eit forsvarleg tilbod.

4. FAGLEG INNHOLD

Vekstbedriftene skal opplevast som en trygg og god arena for vekst og utvikling, med fagleg ansvar for tilrettelegging av tenestene i form av:

- Velferds- og arbeidsrelaterte aktivitetar
- meistring og auka sjølvstende
- naudsynt variasjon i tilbodet
- sosial trening, fysisk aktivitet og motivering
- helse, kosthald og personleg hygiene

Eventuelle oppgåver relatert til medisinerer må avtalast særskilt.

5. ORGANISERING OG GJENNOMFØRING

Vekstbedrift vil:

- utforme plan for oppfølging av deltakar der brukarmedverknad er ivaretatt.
- organisere og gjennomføre tilbodet i tråd med kommunen sitt vedtak.
- tilpasse innhaldet i tilbodet slik at det er mogeleg for deltakar å kombinere med eventuelle avtaler og behandling.
- stille eigna lokale til disposisjon som tilfredsstillar krava til universell utforming. Tilgjengelegheit for funksjonshemma kan variera innan vekstbedrifta, men skal vere tilpassa den einskilde deltakar der den oppheld seg.

5.1 Fråvær

Vekstbedrift skal følgje opp og dokumentere deltakar sitt fråvær. Det vert etablert rutinar for samhandling med utøvande kommunal teneste og eventuelt pårørande/verje knytt til fråvær.

Omfattande fråvær kan gje grunnlag for å endre eller avslutte tilbodet hjå bedrift.

6. KOMPETANSE

Vekstbedrift skal dekkje følgjande kompetanseområde:

- Tilrettelegging av velferds- og arbeidsrelatert aktivitetstilbod
- Rettleiing av menneske med nedsett funksjonsevne
- Kunnskap om Helse- og omsorgstenestelova, med vekt på § 9 om rettstryggleik ved bruk av tvang og makt
- Helse og sosialfagleg oppgåver som er definert i vedtak.

Alle tilsette hjå vekstbedrift skal dokumentere politiattest. Der dette ikkje føreligg vil dette vere krav jamfør Helse- og omsorgstenestelova § 5-4.

7. PLANAR, RAPPORTERING OG MØTESTRUKTUR

7.1 Plan og rapportering til kommunen

I samråd med den einskilde deltakar, og eventuelt pårørande/verje, vert det utarbeida plan og årleg evalueringsrapport jamfør punkt 4 over.

Plan og årleg evaluering skal sendast Forvaltningskontoret.

7.2 Samarbeidsmøte - individnivå

Vekstbedrift og deltakar skal ha minimum 2 årlege samtalar som bør innehalde tema:

- Personen si eiga oppleving av å vere deltakar i tilbodet
- Eigenvurdering av progresjon og utvikling
- Vurdere behov for endringar eller tilrettelegging som kan betre trivsel og meistring.
- Vurdering av behov for endring av innhald i tilbodet

Vekstbedrift, deltakar, aktuelle helse- og omsorgstenester og eventuelt verje/pårørande skal ha minimum 1 årleg samarbeidsmøte med tema:

- deltakar si fungering og trivsel
- samarbeid og utveksling av naudsynt informasjon til beste for arbeidstakar (NB samtykke)
- behov for endringar i tilbodet
- behov for eit anna type tilbod

Vekstbedrift kaller inn til møte.

Den einskilde deltakar skal som hovudregel vere med på møte. Om det føreligg årsak til at deltakar ikkje bør ta del i møte må dette vere avklart og ført i referat.

Etter samtykke frå deltakar og/eller verje, kan vekstbedrift samarbeide med andre tenester om saker som kan bidra til informasjon og tilrettelegging til deltakaren sitt beste.

7.3 Samarbeidsmøte – systemnivå

Det skal haldast felles samarbeidsmøte mellom kommunen v/Forvaltningskontoret, tenesteområda Habilitering og Psykisk helse og rus, vekstbedriftene og NAV.

Alver kommune v/Habiliteringstenester kallar inn til minimum 1 møte i året, der aktuelle tema kan vere:

- Utviklingstrekk, behovsframskrivingar og nye satsingsområde
- Evaluering samhandling,
- Økonomi
- Andre aktuelle tema som er meldt inn frå partane

I tillegg til fellesmøte kan ein og avtale samarbeidsmøte mellom kommune og den einskilde vekstbedrift.

8. Økonomi

Kommunal retningsline vert å finansiere innan til ei kvar tid gjeldande budsjettramme. Eventuell vurdering av endra økonomiske rammer vert å handsamast på lik line med andre typar tenestebehov, og handsamast jamfør budsjett og økonomiplanprosessar.

Kommunen nyttar ei grunnfinansiering ved utrekning av kostnad individuell plass hjå vekstbedrift. Grunnfinansiering vert relatert til statleg sats NAV nyttar ved finansiering av tiltaksplass varig tilrettelagt arbeid i skjerma verksemd (VTA). Når NAV finansierer VTA-tiltaksplassar er det krav om tillegg med minimum 25% kommunal eigenandel jamfør Forskrift om arbeidsmarkeditak (Tiltaksforskrifta) kap 14.

Kommunen nyttar her grunnfinansiering med til ei kvar tid gjeldand VTA sats + 50% tillegg. Per 2022 vert dette kr. 14.878,- + kr. 7.439,- = kr. 22.317,- per plass per måned. Sum føreset 1 tilsett hjå vekstbedrift per 5 deltakarar/plassar.

Om søkjar har eller får endringar i funksjons- og helsetilstand som gjev at ein har endra oppfølgings/tilretteleggingsbehov jamfør grunnfinansiering 1/5, skal vurdering av personellbehov drøftast mellom, utøvande teneste, forvaltningskontor og vekstbedrift.

9. Iverksetting og opphør

9.1 Iverksetting

Iverksetting av kommunal retningslinje gjeld frå vedtaksdato i kommunestyre.

Iverksetting av kommunal retningsline for velferds- og arbeidsrelatert aktivitetstilbod i vekstbedrift gjeld nye søkjarar/deltakarar frå og med vedtaksdato i kommunestyre.

Deltakarar som allereie har plass hjå vekstbedrift før iverksetting av kommunal retningslinje vert ikkje berørt av eventuelle endringar. Desse personane får vidareført sine noverande plassar og vilkår. Ein må sikre at samhandling og brukarmedverknad jamfør kap. 7 vert ivaretatt for desse.

9.2 Opphør

Opphør av plass har 3 månader gjensidig oppseiingstid. Dersom opphør er aktuelt på grunn av endra føresetnader hjå deltakar, eller at vekstbedrifta ikkje lenger kan gi tilpassa tilbod i tråd med deltakar sitt behov, skal det kallast inn til møte med deltakar, eventuell pårørande/verje og aktuell utøvande teneste som då skal vurdere alternative tenester/tilbod.

Endringsvedtak vert fatta av Forvaltningskontoret.

10. Kvalitetssystem

Kommunal retningsline vert å dokumentere i kommunen sitt kvalitetssystem med årleg evaluering.

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-H32
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 24.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
044/22	Ungdomsråd	07.11.2022
052/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	07.11.2022
045/22	Utval for helse og omsorg	08.11.2022
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

Samlokalisering av avlastingsiltak i Alver kommune **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre godkjenner følgjande:

- a. Røsvikrenen 4-6 vert tatt i bruk som avlastingsbustad, som alternativ til noverande avlastingstilbod på Ostereidet, Røsvikrenen i Knarvik og Havnevegen på Frekhaug.
- b. Klargjering av bustad vert finansiert innanfor gjeldande budsjettramme.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg og formannskap.
Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Viser til [Alver kommunestyre sak 054.21 møtedato 06.05.21](#) Tiltak for meir kostnadseffektiv drift i helse- og omsorg – oppfølging av PwC rapport, samt [Alver kommunestyre sak 121/21 møtedato 28.10.21](#) Avlastingstiltak for barn og unge i Alver kommune.

Viser her til vedtak:

c. Starte arbeide med å finne eigna lokaler for å samlokalisere avlastingstiltaka som i dag vert gitt i Røsvikrenen i Knarvik, Havnevegen på Frekhaug og på Ostereidet. Målet er betre kvalitet og kostnadseffektiv drift. Kommunestyret ber rådmannen kome attende med ei sak om lokalisering, val av bygg/nybygg og eventuell økonomisk innsparing ved ei samlokalisering av desse avlastingstiltaka

Saksopplysningar

Kommuneplan

[Alver kommune - kommuneplan samfunnsdel 2022-2034](#) legg føringar for korleis vi vil utvikle samfunnet vårt, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å kome dit. Kommunedelplan helse, sosial og omsorg skal bidra til måloppnåinga.

Utval for helse og omsorg sak 038/22 dato 04.10.22 har vedtatt å sende [Alver kommune - høyring kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2022-2034](#) på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfrist er 01.12.22

I kommuneplan samfunnsdel kan ein til dømes vise til hovudmål 4: «Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse» med tilhøyrande mål og vegval. Fleire av desse gjev grunnlag for utvikling av tiltak med fokus på til dømes kap 5.2 i høyringsutkast til kommunedelplan – Helse, sosial og omsorg; *Meistring, deltaking og sjølvstendige liv i heile livsløpet* og kap 5.4 *Tidleg innsats, helsefremming og førebyggjande arbeid*. Dette er følgt opp i framlegg til kommunedelplan helse, sosial og omsorg.

Lovgrunnlag

Lovgrunnlaget finn ein i [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester](#):

§ 3-6.Kommunens ansvar overfor pårørende

«Til personer med særlig tyngende omsorgsarbeid skal kommunen tilby nødvendig pårørendestøtte blant annet i form av:

1. opplæring og veiledning
2. avlastningstiltak
3. omsorgstønad»

og [Lov om pasient- og brukerrettigheter](#) § 2-8.Tiltak ved særlig tyngende omsorgsoppgaver

«De som har særlig tyngende omsorgsarbeid, kan kreve at den kommunale helse- og omsorgstjenesten treffer vedtak om at det skal settes i verk tiltak for å lette omsorgsbyrden og hva tiltakene i tilfelle skal bestå i».

Tenestebehov og kapasitet

Ein ny avlastingsbustad skal dekke behovet for avlastning for ungdomar som ikkje ønskjer tilbod ved, eller som ikkje passar saman med målgruppa for Kvasten avlastingsbustad.

Avlastingstilboda til barn og unge er i stadig endring. Ved dei 5 plassane i dei 3 avlastingsbustadane Ostereidet, Røsvikrenen, og Havnevegen vert det no gitt avlastingstilbod til 10 familiar, mot 6 i oktober 2021

Noverande avlastingstilbod:

Bustad	Plassar	Ungdomar/ familiar som får tilbod	Kommentar
Ostereidet	2	4	2 med omfattande tenester, 2 kun helg
Havnevegen	2	5	2 med omfattande tenester, 3 kun helg + timar
Røsvikrenen	1*	1	1 med omfattande tenester. * Kapasitet til fleire, bemanning til 1 person i dag

Nytt tilbod:

Bustad	Plassar	Ungdomar/ familiar som får	Kommentar
--------	---------	-------------------------------	-----------

		tilbod	
Ny bustad	5	10	Det vil vere maks 4 ungdomar samstundes slik vedtaka er i dag. Kan aukast til 5 dersom det er personar som trivst og fungerer godt i lag.

Kapasiteten og tilbodet til dei 10 familiane vil ikkje verte endra ved at tenestene vert gitt i eit bygg i staden for 3.

Brukarmedverknad

Det vart i vår gjennomført ei undersøking blant dei 6 familiane som då nytta tilbodet i dei 3 bustadane. 4 av familiane svara på undersøkinga. Det som kom fram av ønskje/kriteria var:

- Sentral plassering i høve til vidaregåande skular, offentleg kommunikasjon, og fritidstilbod. 3 av 4 nemnde Knarvik som eit alternativ.
- Ikkje for nær familieheimen
- Storleik 2 – 6 plassar, avhengig av alder og sosial fungering.
- Må vera mogeleg både å vere saman og trene på sosiale ferdigheiter, og å kunne vere for seg sjølv på eige rom
- God personaldekning og individuell oppfølging
- God kompetanse på ungdomane sine utfordringar og diagnosar

Alle respondentane kommenterte at dei var nøgd med tilbodet, både med omsyn til omfang, innhald og kvalitet.

Aktuelle bustader

I samarbeid med eigedomsavdelinga, har ulike alternativ vore vurdert ut frå følgjande kriteria:

- rom til inntil 5 ungdomar
- personalfasilitetar med moglegheit for kvilande nattevakt.
- 3 bad/toalett, 2 til ungdomane og 1 til dei tilsette.
- 2 stover
- gjerne 2 kjøkken
- ønskje om hage/uteområde

Bustader som kommunen eig

Lindåsvegen 163 Isdal: Tidlegare bustad for einslege mindreårige flyktningar. Denne bustaden var vurdert som eigna til formålet. På grunn av behov har denne vorte omgjort til gjennomgangsbustad og vert no nytta til flyktningar.

Røsvikrenen 4 – 6 som i dag er i bruk som kombinert midlertidig bustad for 1 person med døgntinuerlege tenester og avlastingsbustad for 1 person med behov for omfattande avlastingstenester. Etter ei ny vurdering av dette bygget er det eit behov for mindre vedlikehald estimert til kr 150 000,-

Røsvikrenen 4-6 har tidlegare vore brukt som avlastingsbustad i Lindås kommune, og fungerte svært godt for ein del born og unge. Grunnen for flyttinga til det som no er Kvasten avlastingsbustad, var behovet for betre universell utforming og mogelegheit for installering av hjelpemiddel for personar med fysisk funksjonshemming, som takheisar og liknande

Kjøp av bustad:

Det er svært få bustader på marknaden som har størrelse og fasilitetar som gjer dei eigna ut frå kriteria. Store bustader som har vore til sals, er kostbare, og det vil medføre kostnader for å fylle krava i arbeidsmiljølova når det gjeld personalfasilitetar.

Nybygg:

Dette har ikkje vore vurdert i særleg grad, då dette må forankrast politisk og krev store investeringar både knytt til tomtekjøp, prosjektering og byggekostnader.

Mogelege gevinstar

Å samle fragmenterte avlastingstenestene vil føre til:

- Mindre isolasjon og moglegheit til sosialt samvær ut frå den einskilde sine behov og evner
- Auka sjølvstende og meistring, ved å kunne nytte fritidsaktivitetar og møteplassar utan å vere avhengig av å verte transportert
- Større fagmiljø og betre rekruttering av fagpersonar og vikarar. Likevel få tenesteytarar til kvar einskild ungdom
- Betre kvalitet på tenestene
- Betre ressursutnytting
- Reduksjon i behov for nattevakter
- Betre rettstryggleik ved å ha meir transparente tenester
- Redusert bruk av overtid ved fråvær

Risiko:

- Nye born/unge der familiane kan ha behov for avlasting, vil ha behov for avlasting som kommunen ikkje kan møte innanfor noverande avlastingstilbod. Det vil då vere behov for å etablere nye tiltak.
- Turnover og rekrutteringsvanskar i den noverande organiseringa av desse avlastingstenestene, på grunn av at ein må arbeide mykje åleine, og opplever ikkje å vere ein del av eit fagmiljø/arbeidsmiljø.

Økonomi

Når det gjeld økonomi er dette for det meste knytt til lønsutgifter og årsverk.

Slik drifta er i dag treng me 14 årsverk for å drifte avlastingstenestene på 3 lokasjonar. Ved å samle dette på ein lokasjon vil me kunne drifte det med 12 årsverk.

For å rekruttere fagpersonar slik det er i dag har me lagt til rette som døgnturnusar, ved å samle teneste vil me kunne ha døgnturnusar kombinert med langvakter. Dette vil sikre kontinuitet i tenestene og redusere ressursbruk på natt.

Å drifte tenester på 3 ulike lokasjonar, fører til at me må bruke ekstra personalressursar for å ivareta tryggleiken for ungdommane og dei tilsette. I periodar må ha 2 tilsette på jobb på grunn av at det tar for lang tid å tilkalle ekstra personale dersom akutte situasjonar oppstår.

Ei innsparing på 2 årsverk utgjer om lag kr 1 500 000,- inkludert tillegg og sosiale utgifter.

Vurdering:

Kommunedirektøren vurderer at ein ved å ta i bruk Røsvikrenen som avlastingsbustad for den aktuelle målgruppa vil utvikle tenestilbodet i tråd me føringar i Kommuneplanen sin samfunnsdel, og høringsutkast til kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2022-2034.

Kommunedirektøren vurderer at dei samla gevinstane for brukarane, dei tilsette sitt arbeidsmiljø, kvaliteten på tenestene, rettstryggleik, transport og logistikk, samt betre samla nytting av ressursar og kompetanse, vil føre til eit betre innhald og kvalitet i tenestene, og at opplevinga av reell avlasting for foreldre og føresette såleis vil verte betre.

Kommunaldirektøren vurderer at ein ved å samle avlastningstilbodet for den aktuelle brukargruppa, vil kunne gi kvalitativt gode tenester, og samstundes redusere utgiftene.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår følgjande:

- a. Røsvikrenen 4-6 vert tatt i bruk som avlastingsbustad, som alternativ til noverande organisering med avlastingstilbod på Ostereidet, Røsvikrenen i Knarvik og Havnevegen på Frekhaug.
- b. Klargjering av bustad vert finansiert innanfor gjeldande budsjettamme.

Arkiv: <arkivID><jpid> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 28.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
046/22	Utval for helse og omsorg	08.11.2022

Meldingar til utval for helse og omsorg 08.11.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for helse og omsorg.

Saksopplysningar

Det vert lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

1. Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift – status v/Eva Mikkelsen-prosjektleiar